

KOMM. OG REG. DEP	
03 FEB 2006	
05 13280-197	
BR.	661.0
Avt.	KO 1 KO 1 HER

# ØYGARDEN KOMMUNE

Det kongelige-kommunal- og regionaldepartement  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
05/1850-3/K1-103//ÅSV

Stad/Dato:  
02.02.2006

## **UTTALE TIL HØRING - NOU 2005:18 FORDELING, FORENKLING, FORBEDRING - INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNER OG FYLKESKOMMUNER**

Høringa vart handsama av Øygarden kommune v/formannskapet den 26. januar 2006 som sak 013/06. Det er gjort følgjande vedtak i saka:

### **INNSTILLING TIL VEDTAK:**

Øygarden Formannskap vil gi følgjande merknadar til Inntektssystemutvalets innstilling i Nou 2005:18:

1. Inntektssystemet må medverka til å styrka lokaldemokratiet og sikra busetnad i heile landet
2. Inntektssystemet må vera så føreseieleg som mogeleg
3. Mangfaldet i kommunesektoren må gjenspeilast i inntektssystemet
4. Lokale og individuelle tilhøve må gjenspeilast i inntektssystemet
5. Inntektssystemet må setja kommunane i stand til å gi eit likeverdig tenestetilbod og å gjennomføra statlege lovpålagte oppgåver
6. Inntektssystemet må ivareta at kommunar som slår seg saman eller utviklar interkommunalt samarbeid ikkje får svekka økonomiske rammevilkår
7. For at særleg ressurskrevjande brukarar skal kunne busetja seg kor i landet ein ønskjer uavhengig av kommuneøkonomi, må utgiftene til denne brukargruppa gjenspeilast i inntektssystemet
8. Skjønnstilskotet må kompensera for uføreseielege og særlege utgifter
9. Ordninga med oppdaterte folketal som vart innført i 2003 må halda fram då denne ordninga gjenspeiler dei faktiske utgiftene kommunen har i budsjettåret. Skulle ordninga vera lite føreseieleg for kommunar med nedgang i folketalet kan dette ivaretakast gjennom skjønnstilskotet.

**26.01.2006 FORMANNSKAPET**

**FS-013/06 VEDTAK:**

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Med helsing

*Astrid N. Rustad*  
for Åse Vik  
kommunalsjef